

TEKSTER FRA "HAUGTUSSA" AV Arne Garborg

Fra Veslemøy ved rokken

1. D'er haust. Det ruskar ute
med regn og kalde vind.
Småfuglen flyg mot rute
og ville gjerne inn.
Men under omnen god,
der ligg på sekke-pute
han gamle Mons i ro.

2. Der ligg han trygg og drøymer
og blinkar stilt og smått
og alt i verdi gløymer
og hev det varmt og godt.
Og seier ingen ting,
men liksom inn seg gøymer
med rova sveipt i kring.

5. Venaste prins i verdi
du gjekk i skogen grøn
med gullhår over herdi
og ung og keik og kjøn
og tenkte på den møy
som gjekk og henta bæri
så vide under øy.

6. Då kom den trollheks blide
med sving og sveiv og svins
frå trolleheimen vide
og såg den vene prins.
Men skræmd han frå ho skvatt.
Då las ho trollbøn stride
og gjorde han til katt.

KULOKK:

Kusåta! Kusåta!

I fjellet gror grønaste åta.
Kom kyri!
Kom dyri!
Kom Dimmeld og dros!
Kom Rangeliros!
Om kveld!

BLÅBÆRLI

Nei, sjå kor det blånar her!
No må me roa oss, kyra!
Å nei, slike fine bær,
og dei som det berre kryr av!
Nei, maken hev eg kje sett!
Somt godt her er då til fjells.
No vil eg eta meg mett.
Her vil me vera til kvelds!

Ræpp fra Haugtussa

*Huldri or haug,
tuft og dverg og draug,
bøyg og bustetroll
bykser inn i koll;
lufsar i kring
lett som ingenting,
kravlar opp på kant og kiste;
lempar seg rom
midt i ståk og ljom,
dansar der i krå;
ingen kan det sjå;
gryte og kjel,
horn og tussespél
læt ein lått som ingen visste.
Vassdrope-klunk,
bekke-surl i jord,
vindgråt av vest,
båresus av nord,
kviskring i krå,
dùn av døyvde ord,
kvasl av lauv, som fell frå kviste ...*

*Sulle no, tulle no,
gråkall og gråkulle,
tulle no, sulle no,
svævd er sol;
humpe no, hoppe no,
gråtopp og gråtoppe,
hoppe no, humpe no,
hau! d'er jol.*

*Bummel,
bammel,
rokkedans og rammel,
mørkt frå berg til blåne.*

*Bammel,
bummel, rangedans og rummel,
sløkt er sol og måne.*

Fram dansar ein haugkall Folkeviseleik

Fram dansar ein haugkall, fager og blå,
med gullring om håret som fløymer;
han giljar for Veslemøy til og frå,
og tonar ikring honom strøymer.
Å hildrande du!
Med meg skal du bu;
i Blåhaugen skal du din sylvrokk snu.

Om dagen er eg den brune bjørn,
som bykser i skogane vide
og laugar mitt ragg i djupaste tjørn
og vassar i straumane stride
og leikar i strand
og rår yver land
so langt som ditt auga det timja kan.

Men når det lid til midnattes bel
og dagen i haug er gjengen,
då høyrer du klunk og yndeleg spel
som linnaste lokking frå strengen;
då kjem eg til deg
frå villande veg
og søv i din arm til du vekkjer meg.

Men du skal sitja i Blåhaugen brur
i silke og sylv so det bragar
og aldri kjennast sår eller stur
i alle dei levedagar.
Å hildrande du!
Med meg skal du bu,
i Blåhaugen skal du din sylvrokk snu.